



**Nærøfjorden
verneområdestyre**

Møteinnkalling

Utval: Nærøfjorden verneområdestyre
Møtestad: Lærdal
Dato: 22.08.2022
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøtet startar med synfaringstur til Hausen i Bleia naturreservat. Oppmøte ved kommunehuset i Lærdal. Vi køyrer til Vindedal, og sykklar på den gamle vegen mot Revsnes til stien opp til Hausen. Vi er tilbake i Lærdal ca. kl. 15.30.

Resten av styremøtet vert på Kapteinsgarden i Lærdal, med overnatting på same stad. Olav Wendelbo orienterer og viser rundt på Kapteinsgarden etter styremøtet på mandagen.

Kristoffer Ullern Hansen, SNO, orienterer om oppsynsarbeidet i verneområda i Nærøfjordområdet.

Landbrukssjef Magnhild Aspevik orienterer om tiltaksplan for kulturlandskap i Vestnorsk fjordlandskap, og om utvalde kulturlandskap.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 16/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 23/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Håvasete - helikoptertransport av utstyr og proviant		2022/8694
RS 24/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel på barmark - reparasjon stølshus - utvida periode		2021/8179
RS 25/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging for tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD		2021/7494
RS 26/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - Undredal til Vassete - materialtransport		2021/11448
RS 27/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Dyrdal - motorferdsel i samband med skjøtsel i kulturlandskapet		2022/6412
RS 28/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stordalen og Jøtebotnen - helikoptertransport - jordskiftesak		2022/10717
RS 29/22	Delegert vedtak - dispensasjon - Nordheimsdalen naturreservat - organisert ferdsl - Voss Utferslag		2022/10946
RS 30/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Kunngjering - fastsett planprogram - klimaplanen - innspel til planrevisjon		2022/9235
RS 31/22	Svar - Førehandsvarsel - retting - tiltak med gjerde rundt stølshus på Vasset		2022/3668
ST 17/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2033 - Aurland kommune		2022/9332
ST 18/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - tiltak etter flaumskade på stølsveg mellom Brattemoten og Langhuso i Undredal		2021/4603

Orienteringar i møte:

1. Status planlegging og gjennomføring av tiltak
2. Orientering om vikar i stillinga som verneområdeforvaltar,

ST 14/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 15/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 16/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 23/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Håvasete - helikoptertransport av utstyr og proviant
RS 24/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjørmo - motorferdsel på barmark - reparasjon stølshus - utvida periode
RS 25/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging for tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD
RS 26/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - Undredal til Vassete - materialtransport
RS 27/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Dyrdal - motorferdsel i samband med skjøtsel i kulturlandskapet
RS 28/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stordalen og Jøtebotnen - helikoptertransport - jordskiftesak
RS 29/22 Delegert vedtak - dispensasjon - Nordheimsdalen naturreservat - organisert ferdsel - Voss Utferdslag
RS 30/22 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Kunngjering - fastsett planprogram - klimaplanen - innspel til planrevisjon
RS 31/22 Svar - Førehandsvarsel - retting - tiltak med gjerde rundt stølshus på Vasset



Arkivsaksnr: 2022/9332-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 11.08.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	17/22	22.08.2022

Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2033 - Aurland kommune

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre kjem med fylgjande uttale til samfunnsdelen av kommuneplanen i Aurland kommune:

- Kap. 2: I fyste avsnitt må det rettast til at det er to store landskapsvernområde i Aurland.
- Kap. 4.1.1: I dette kapitlet er det tatt med kva verneområde som er i Aurland kommune. Bleia naturreservat er tatt med, men dette naturreservatet er ikkje i Aurland kommune. Det ligg i Lærdal kommune. I tillegg til Nærøyfjorden landskapsvernområde, må Bleia-Storebotnen landskapsvernområde nemnast. Aurland kommune har også areal i Hallingskarvet nasjonalpark.
- Kap. 4.2.2: Besøksstrategien omhandlar ikkje berre Nærøyfjorden landskapsvernområde, men alle verneområda i Nærøyfjordområdet. For Aurland kommune sin del er dette 5 verneområde.
- Kap. 4.2.3: *Kva vil det sei å vera ein klimavennleg organisasjon som tek vare på naturverdiane?* Under dette kapitlet bør det også vera med at samfunnsplan skal vera i tråd med retningslinjer i gjeldande forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

Saksopplysningar

Aurland kommune har sendt samfunnsdel av kommuneplanen 2022-2033 ut på høyring. Høyringsfrist er 5. september.

Planen er utarbeid i den digitale planløysinga [Framsikt](#),

Samfunnsplanen er den overordna planen for utvikling av Aurland kommune som lokalsamfunn og organisasjon. I planen er det fastsett visjon, mål og strategiar for kommunen. Måla og strategiane skal konkretiserast gjennom vidare planar og strategiar som kommunen arbeider med.



I planen er det valt ut tre tema. Dette er:

- Lokalsamfunn og tenesteutvikling
- Næringsutvikling og besøksforvaltning
- Samfunnstryggleik og Aurland kommune som eigen kommune.

Folkehelse og klima og miljø er gjennomgåande tema i heile planen.

Det er ein raud tråd mellom måla og strategiane i samfunnsdelen og andre mål og strategiar kommunen har sett seg. Samfunnsdelen byggjer også på andre planar og strategiar kommunen har utarbeid siste åra, i tillegg til overordna føringar frå regionalt og statleg nivå.

Vurdering

Nærøfjorden verneområdestyre har motteke høyringsutkastet til samfunnsdelen av kommuneplanen i Aurland kommune for uttale. Planen har gode mål og strategiar for ei berekraftig utvikling av kommunen. Mange av strategiane vil også vera viktige for ivaretaking av verneverdiane i verneområda som Nærøfjorden verneområdestyre har forvaltningsansvar for.

Nærøfjorden verneområdestyre har forvaltningsansvar for Nærøfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Grånosmyrane naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Bleia naturreservat og Geitanosi naturreservat. Aurland kommune har areal i alle desse verneområda med unntak av Bleia naturreservat, som ligg i Lærdal kommune. Desse verneområda vert omtalt som verneområde i Nærøfjordområdet, og har status som verdsarvområde. I plandokumentet er landskapsvernområdet Bleia-Storebotnen utegløymt i kapittel 4.1.1 under *Natur og miljø*. I tillegg til verneområde i Nærøfjordområdet, har Aurland kommune areal i Hallingskarvet nasjonalpark.

I kapittel 4.2.2 om Framtidsretta næringsliv og besøksforvaltning, er besøksstrategi i verneområde tatt med som eit av dokumenta som skal vera i tråd med samfunnsplanen. Besøksstrategien gjeld for alle verneområda i Nærøfjordområdet, ikkje berre Nærøfjorden landskapsvernområde. Med alle plandokument som er utarbeid om besøksforvaltning, bør alt ligge til rette for å kunne forvalta natur- og kulturverdiane i kommunen på ein berekraftig måte.

Nærøfjorden verneområdestyre har starta opp arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden. Denne planen omhandlar alle verneområda og verdsarvområdet i Nærøfjordområdet. Kommunane er viktige samarbeidspartar i revideringa av planen, og planen er retningsgjevande for kommunen sitt arbeid. Under kapittel 4.2.3 i samfunnsplanen, *Klimavennleg organisasjon som tek vare på naturverdiane*, bør det stå at samfunnsplan skal vera i tråd med retningslinjene i forvaltningsplanen.



Arkivsaksnr: 2021/4603-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 09.08.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	18/22	22.08.2022

Nærøyfjorden landskapsvernområde - tiltak etter flaumskade på stølsveg mellom Brattemoten og Langhuso i Undredal

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Undredal sameigelag løyve til å reparera gamlevegen mellom Brattemoten og Langhuso i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Arbeidet inneber å mura opp att støttemur under veggen, og setja i stand veggen som er rast ut.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Veggen skal byggjast opp att med same standard som den gamle veggen hadde.
- Muren skal byggjast som ein støttemur under veggen, og byggjast i elvekanten. Muren skal byggjast slik at den ikkje snevrrar inn elveløpet, men stoppar vidare utrasing av elvekanten. Vegmuren skal avgrensast til området som er rast ut under flaumen.
- Vegbreidda kan vera maksimalt 2 meter. Vegdekke skal vera av grus og jord, slik at veggen gror til med stadeigen vegetasjon. Det skal ikkje tilførast jord frå andre stader.
- Det kan nyttast gravemaskin for å byggja steinmuren, og for å reparera veggen. Tilkost med gravemaskina er via elveløpet frå vegsida på andre sida av elva.
- Stein skal hentast i nærleiken, men utanfor verneområdet. Løyve til å ta ut stein og bygge støttemur i elvekanten må avklarast med kommunen.
- Grunneigarane i området er eigar av veggen, og har ansvar for vidare vedlikehald av veggen.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om reparasjon av gamle veggen mellom Brattemoen og Langhuso, *Undredal sameigelag*, 09.06.2022
- Synfaring – ras på gamlevegen i Undredal – 15.04.2021, *verneområdeforvaltar Nærøyfjorden verneområdestyre*
- Orientering om flaumskade på stølsvegen mellom Brattemoen og Langhuso, *Undredal sameigelag*, 18.03.2021



Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008
- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, 2021 – 2027, *Vestland fylkeskommune*


Undredal sameigelag søker om å få reparera gamlevegen mellom Brattemoten og Langhuso. Vegen på dette punktet vart utgraven under flaum hausten 2020. Vegen har rasa litt meir etter flaumen. Denne vegen vert brukt som tursti, buføring med dyr og til uttak av ved. Fram til 1939 var det kløvjaveg fram til stølen. I 1939 vart vegen utbetra til kjerreveg, og vegbreidda vart auka til kring 2 meter breidde på fleire stader.



Figur 1 Bildet viser utgraving av gamlevegen (markert med raud strek) og framlegg til ny trase (grå strek). Foto frå søknad.

15. april 2021 var verneområdeforvaltar med grunneigarane på synfaring på vegen. Grunneigarane hadde framlegg om å flytte vegen vekk frå elva og legge den opp i bakken (grå strek). Under synfaringa kom vi fram til at det var betre å bygge opp att vegen der den har vore. Den gamle vegen er eit kulturminne, og den vert betre tatt vare på ved at vegen vert sett i stand, i staden for å finne ny trase. Det vil i tillegg gje mindre inngrep i landskapsvernområdet.

For å hindre at elva grev under vegen og det vert meir utrasing av vegen, må det byggast ein støttemur under vegen. Muren skal byggjast i elvekanten. Undredal sameigelag har fått tilbod frå entreprenør til å bygge støttemur og setja i stand vegen. Tilkomsten til gamlevegen er frå vegen på andre sida av elva, og kryssing av elva nedanfor rasstaden.



Figur 2 Utrast veg markert i kart. Vegen ligg delvis innanfor Nærøfjorden landskapsvernområde. Kopi frå fylkesatlas.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Vedlikehald av vegar og stiar er ikkje søknadspliktig etter verneforskrifta. Oppmuring av støttemur og oppattbygging av vegen er meir enn vedlikehald og er eit søknadspliktig tiltak. Dette er tiltak som ikkje er omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.



Vurdering

Gamlevegen er stølsvegen mellom stølane Melhus og Langhus i Undredal. Dette var tidlegare einaste vegen til Langhuso frå Undredal. Etter det vart bygd bilveg frå Langhuso til Undredal, er gamlevegen nytta til buføring av dyr til stølen og i anna landbrukssamanheng. Vegen vert i tillegg nytta som turveg både av lokale innbyggjarar og turistar. Store deler av vegen ligg i eller i grensa til Nærøfjorden landskapsvernområde. Deler av vegen vart tatt av flaum hausten 2020. Forvaltar vurderer reparasjon av vegen som viktig for å ta vare på stølsvegen som eit kulturminne. Vegen er framleis viktig i landbrukssamanheng, og den gjev fine naturopplevingar for dei som går tur i området. Kulturminne og kulturlandskap skapt gjennom aktiv landbruksdrift er eit av verneføremåla i landskapsvernområdet. Forvaltar vurderer reparasjon av vegen som eit tiltak som ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje skadar verneverdiane, og meiner vilkåra for å vurdere saka med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ er oppfylt.

Store deler av denne vegen er innanfor eller i grensa til Nærøfjorden landskapsvernområde, og heile området ligg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøfjorden. Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan, restaureringsplan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, synfaring i området og erfaring med ferdsel i området. Så langt me kjenner til er det ingen kjente trua artar i området. (Naturbase 10.08.2022). Undredalselva er eit verna vassdrag. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Den gamle stølsvegen frå Undredal til stølane Melhus og Langhuso går gjennom eit velhalde kulturlandskap som framleis er i aktiv bruk. Deler av vegen gjekk tapt i samband med bygging av dagens bilveg til Undredal. Det er difor viktig å ta vare på dei delane av trassen som framleis er intakt. Etter stølsvegen vart utbetra i 1939, vart deler av vegen endra til inntil 2 meter breidde. Store deler av vegen har grasdekke og med steinmurar langs sidene. I restaureringsplanen for verdsarvområdet er denne vegen tatt med som eit viktig kulturmiljø, og istandsetjing av dei partia som er øydelagt av ras og flaum er ført opp som prioritert tiltak.

Muren som er planlagt bygd som ein støttemur i elvekanten vil vera ein ny mur, men den er viktig for å hindra meir graving og utrasing av vegen. Deler av muren vil verta bygd utanfor landskapsvernområdet. Muren skal ikkje byggjast som ein elveforbygging, men støttemur til vegen i elvekanten. Reparasjon av vegen der den har vore, vil gje mindre inngrep i landskapsvernområdet enn bygging av ny vegtrase lenger opp i terrenget. Ut frå ei samla vurdering meiner forvaltar tiltaket i liten vil føra til auka belastning på naturverdiane.

Nml. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

Reparasjonsarbeidet som er planlagt er viktig for å ta vare på den gamle vegen mellom Melhus og Langhuso, og for å ta vare på kulturmiljøet som vegen er ein del av. Sameigelaget har valt å bygge opp att vegen i staden for å legge den om i ny trase. Det er eit betre miljømessig val ved at det vert mindre inngrep i landskapet, og større del av den gamle vegen vert tatt vare på. Forvaltar vurderer tiltaket som godt tilpassa staden og landskapet jf. nml. § 12. Vegmuren vil ligge delvis utanfor landskapsvernområdet, og stein til muren vert



henta utanfor verneområdet. Tiltakshavar må ta naudsynte omsyn under arbeid i og i nærleiken av vassdraget slik at tiltaket ikkje får negative konsekvensar for vassdraget. Med god tilpassing av muren i terrenget, og med skånsam bruk av gravemaskin i elvekanten, vurderer forvaltar at tiltak ikkje vil vera i strid med verneføremålet.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til reparasjon av gamlevegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Gamlevegen er eit kulturminne i kulturlandskapet, og er med det ein del av verneverdiane i området. Tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet og vil ha liten negative verknad på verneverdiane.